

## ROGALAND BONDELAG



Det kongelige kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

postmottak@kd.dep.no

Vår sakshandsamar  
Svein Helge Harbo  
Tlf. 51 88 72 72

Vår dato  
2006-12-13  
Dykkar dato

Vår referanse 2005/00090/028  
Arkiv: -L22  
Dykkar referanse

## Endring av friskulelova

Viser til høyringssaka ang. forslag om endring av friskulelova – høyringsbrev frå departementet av 10. oktober 2006.

Med grunnlag i at deler av høyringsforslaget rammer dei to vinterlandbruksskulane som i dag gir tilbud om agronomutdanning tilpassa komande bønder i Rogaland – Vinterlandbruksskulen på Jæren og Vinterlandbruksskulen i Ryfylke – har Rogaland Bondelag teke opp saka. Styret drøfta forslaget på møtet 12. desember og vedtok då einstemming følgjande uttale:

### Tilbodet til vaksne elevar.

Ut frå den naturlege livsrytmen på gardane tek den yngre generasjonen vanlegvis ikkje over gardsdrifta og får ansvar for den, før dei har kome litt opp i alder. Ut frå det er det naturleg og nødvendig at den unge garden på bruket tek seg ei anna fagutdanning for å gå ut i arbeidslivet før dei skal ta over gardsdrifta etter foreldra sine eller ved kjøp på det frie markedet. Dei langt fleste gardsoverdragelsane skjer innan familien. Dessutan er det langt frå alle som i ein alder av 14/15 år, veit om dei ein gong framover skal overta gard og driva som bonde og dermed ha behov for agronomutdanning. Styret vil og peika på at det er heller få plasser i arbeidslivet utafor gardsbruket, der agronomutdanninga er veleigna og tilpassa for å ta jobb. Det skuldast m.a. kravet til rasjonalisering og effektivisering med det resultatet at det er få bruk det er rom for to personar å henta ei nokolunde stor nok årsinntekt frå.

Landbruket er ei næring som i aukande grad krev ei brei utdanning. Som matprodusent vert bonden og pålagde strenge krav. I tillegg stå bøndene overfor store utfordringar på område som driftsleiing for å kunna driva eigen økonomisk verksemd. Ut frå dette er tilbodet Vinterlandbruksskulen på Jæren og Vinterlandbruksskulen for Ryfylke svært godt tilpassa nett det behovet som er skissert ovafor. Ein bekreftelse på det er at desse to ambulerande vinterlandbruksskulane står for ca 70 % av agronomutdanninga her i fylket.

### Bondelagets Servicekontor AS

|                                                                 |                                                            |                                        |                                 |                                                |
|-----------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------|----------------------------------------|---------------------------------|------------------------------------------------|
| <b>Postadresse:</b><br>Pb. 278 Sentrum 4002 Stavanger           | <b>Mobil:</b><br>91 52 20 47                               | <b>Telefon:</b><br>51 88 72 70         | <b>Telefaks:</b><br>51 88 02 80 | <b>E-postadresse</b><br>Rogaland@bondelaget.no |
| <b>Rogaland Bondelag</b><br><b>Bondelagets Servicekontor AS</b> | <b>Org.nr.:</b> 939678670<br><b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA | <b>Bankkonto:</b><br><b>Bankkonto:</b> | 3201.05.02194<br>8101.05. 91392 | <b>Internet:</b><br>www.bondelaget.no/rogaland |

Vår dato  
2006-12-12

Vår referanse  
2005/00090/028

---

Slik opplegget er lagt opp på desse skulane passer det elevane svært godt. Skulane gjennomfører kurset etter ein rulleringsplan mellom eigarkommunane, kursa er konsentrerte, det er svært motiverte elevar – jamt over 20 – 30 år - og dei kan ta fagutdanning fordi dei kan kombinera skulegang med å oppretthalda drifta på garden sin – ein gard dei oftast nett har teke over og det er viktig for dei å halda oppe drifta. Såleis ei svært god løysing på mange måtar - også samfunnsøkonomisk.

**Dei nemnde skulane og dagens system dekker såleis eit klart behov både for næringa og samfunnsmessig.**

Etter Rogaland Bondelag si vurdering vil det difor vera svært uhelding om dette tilbodet med vidaregåande opplæring på agronomnivå gjennom eittårig komprimert kurs fell vekk, fordi staten ikkje lenger vil gi økonomisk støtte for elevar som har teke ei anna yrkesutdanning på eit tidlegare tidspunkt.

Rogaland Bondelag meiner difor at staten fortsatt må ha pengar i utdanningssystemet sitt til å dekkja kostnadane for desse elevane, sjølv om dei frå før har teke ei anna fagutdanning. Styret rår difor til at endringa i lova må trekkjast tilbake.

I samfunnet og arbeidslivet elles vert det ofte trekt fram behovet for kompetanseheving. Også for landbruket er dette viktig, men for næringa får tiltaket eit klart svekka innhald dersom staten sitt forslag vert ståande. Alternativ utdanning gjennom ein Fagskule vil truleg vera lite aktuelt og eit opplegg der vil neppe vera tilpassa landbruket slik ein i dag har på vinterlandbruksskulane i fylket.

**Kravet om minst 20 elevar**

Rogaland Bondelag har forståelse for at det må vera eit minimumstal for elevar på skulen før dei kan rekna med å få økonomisk støtte, men eit generelt krav på minst 20 elevar er etter vår vurdering for høgt. Skal det setjast eit slikt krav, bør det vera langt lågare og det må vera lett å kunna få dispensasjon for eit evt. minimumstal. Ei løysing er og at ein kan ta utgangspunkt i eit gjennomsnittstal for dei siste 3 – 4 åra.

Eit langt lågare minimumstal er særleg viktig ut frå opplegget skulen har med å ambulera kurset mellom kommunane. Det desentraliserte opplegget vinterlandbruksskulane har her i fylket ser Rogaland Bondelag på som svært viktig ikkje minst for distrikta.

Med helsing  
Rogaland Bondelag

Arna Høyland  
leiar

Svein Helge Harbo  
organisasjonssjef

Kopi til Norges Bondelag